



Trude Hjørnevåg er ein av fleire uskedelinger som er å finna bak disken i det nye storsenteret på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vil vera eit solid innslag av uskedelinger både på seljar- og kjøparsida når den offisielle opninga av Husnes Storsenter skjer torsdag..**

- Er du ikkje litt redd for at denne satsinga vil vise seg å vera i største laget, har uskedalen.no spurt Trude Hjørnevåg (35) som nyt godt av denne gunstige kombinasjonen: Oppvaksen på Husnes, men busett i Uskedalen!

Svaret kjem kontant: - Nei, slett ikkje, dette er ei positiv og lovande hending med god dekning i eit knallgodt tilbud. Ikkje minst er det viktig at vi no kan få bremsa handelslekkasjen.

- Men berre innan din bransje, som handlar med klær, er det åtte eller ni butikkar.....

- Jau, men damene får aldri nok klær og mennene er etterkvart blitt mykje flinkare til å kjøpa klær!

Med det vert vi svar skyldige til ei som har ein svært allsidig bakgrunn for jobben ho no har på "YOU WHO". Det er ein lokaldreven butikk med klær både for unge og vaksne og som er eigd av Geir Inge Kaldestad og Arne Røyrvik.

Før var butikken å finna i Aksen i 14 år og Trude har vore tilsett der sidan i februar i år. Tidlegare har ho vore i Catch i tre år, i SPAR Husnes i to år og i ein lekebutikk på Husnes i to år, alle stader for det meste i leiarposisjon.

No har Trude budd i Uskedalen i seks og eit halvt år og seier det slik:

- Eg har fått litt av begge delar - eg har hatt og har ein interessant jobb på heimstaden Husnes og bur og trivst godt i Uskedalen. Det må ein kalla full pott!

Også dei som møtar fram til opninga av Husnes Storsenter i dei nærmaste dagane får full pott for artistlista er imponerende sett gjennom lokale brillar: Nordic Tenors, Matti Røssland, Gaute Ormåsen, Maria Haukaas Storeng og Erik og Kriss toppar lista.

Torsdag er det full fart frå ordførar Synnøve Solbakkens opningsord ved lunsjtid til fyrverkeriet ved midnatt. Ni av 11 nye butikkar er klare for storsenteret. Leiinga meiner det er driftsgrunnlag for alle. Når alt er klart, også det såkalla Fagsenteret, vil det vera 30 mål butikkflate med 50 butikkar og 150 årsverk. Det blir spanande år for Husnes som handelssenter.

Av Ola Matti Mathisen